

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.03.2021

Utvalseiar gav følgjande svar:

«Spørsmål 1: Støttar utvalsleiaren desse vurderingane om eit likestilt idrettssamfunn på alle nivå i Vestland fylke?

Svar: Utvalsleiaren ynskjer eit likestilt og inkluderande idrettssamfunn på alle nivå i Vestland fylke. Idretten skal vere ein arena som er open for alle uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, legning, funksjonsnivå og sosioøkonomisk status. Det er viktig at vi sikrar at alle som ynskjer skal kunne delta i idretten, på like vilkår og i trygge rammer som er fri for ein kvar form for diskriminering eller skeivfordeling.

Spørsmål 2: Kan utvalet / fylkeskommunen krevje at eventuelle pengepremiar er likestilte for kvinner og menn ved tildeling av tilskot til idrettsarrangement ?

Svar: Det er hovudutvalet som vedtek retningslinjer for tilskotsordninga for tilskot til idrettsarrangement. Kriteria som ligg til grunn for ordninga per i dag vart vedteke av utvalet den 02.12.19 i PS 8/2019. Om utvalet ynskjer å vurdere retningslinjene på nytt, for eventuelt å kunne inkludere likestilling som ein del av vurderingsgrunnlaget i tilskotsordninga, kan ein be fylkesdirektøren utarbeide ei politisk sak på det. I ei slik sak vil ein også kunne vurdere andre delar av vurderingsgrunnlaget, m.a. knytt til inkludering. Dette gjeld også for andre tilskotsordningar der hovudutvalet vedtek retningslinjene.

Spørsmål 3: Korleis kan utvalet/fylkeskommunen legge betre til rette for likestilling innan idretten?

Svar: Hovudutval for kultur, idrett og inkludering kan vedta kriteria som bidreg til å sikre likestilling i idretten i ulike tilskotsordningar. Tilskotsordninga for arrangement er nemnd, men ein kan også nemne ordninga med utviklingsstipend til unge idrettsutøvarar. Fylkeskommunen samarbeider tett med Vestland idrettskrets og Idrettsklynge Vest på fleire viktige områder m.a. likestilling og inkludering. Idrettskretsen driv m.a. nettverket «Balanse», som arbeider for å få fleire kvinner med i idretten, kurs om tilrettelegging for paraidrett, og kampanjen #STOPP, som arbeider for å førebygge rasisme, kjønnsheits og andre former for diskriminering. Idrettsklynge Vest arbeider for å skape møteplassar for samhandling på tvers av dei deltakande organisasjonane. Eit døme er prosjektet «Knutepunktet» som m.a. har skapt ein nettressurs som skal hjelpe alle som arbeider med inkludering og tilrettelegging for idrett og fysisk aktivitet for barn og unge. I fylkeskommunen sitt prosjekt nyskapande aktivitetsanlegg, er fokus å skape innovativ anleggsutvikling i kommunane basert på m.a. kunnskap. Ein viktig del av dette kunnskapsgrunnlaget handlar om å legge til rette for jenter - for tradisjonelt sett appellerer aktivitetsanlegg mest til gutar. Denne satsinga ser fylkesdirektøren også som viktig i eit heilskapleg perspektiv på likestilling og inkludering. Fylkesdirektøren arbeider også kontinuerleg for å ha balanse mellom kjønn når det gjeld føredragshaldarar på ulike kurs og konferansar som fylkeskommunen bidreg på, også innanfor idrett og friluftslivsfeltet.»

